

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim



Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle.

Men engelen sa til dei:

«Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket:

I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.

Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn:

De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»

Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

Luk 2, 8-14

Desembernummer – Kyrkjebakken nr. 8 2020, 49 årgang. Nytt stoff innan torsdag 14. januar



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



Kyrkjeskys

Treng du skys for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

KYRKJEBAKKEN

Redaksjonen

Utgevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Det er usikre tider for arrangement.
Det kan hende det som er annonsert vert
avlyst eller flytta.
Følg med på heimesida vår og på facebook.
Du kan ta kontakt med kyrkjeverje
400 65 231 eller
prest 906 95 377 for å få bekrefte
arrangementet.

29.november:
Lysmesse
(vert for konfirmantar og føresette)

06. desember
Gudsteneste med dåp kl. 11.00

24.desember
Julafta gudsteneste
(Sjå nærare annonsering på
heimeside og Facebook)

25.desember
Gudsteneste 1.juledag kl. 12.00

UTGJEVNINGSPPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering 14.januar.
Utgjeving 28.januar.

Frist innlevering 11.februar.
Utgjeving 25.februar

Josefs advent

Det må ha vore eit sjokk for Josef.
Å oppdage at hans trulova Maria var med
barn som ikkje var hans. Eit slikt forhold
ville føre skam over han og hans nærmaste
familie. Han måtte finne ein veg ut. Ut av
forholdet. Ut av farskapet. Skulle han velje
å ta hemn? Gjere det kjent for alle?

*Josef var ein rettskaffen mann og ville i
kkje føra skam over henne; han sette
seg føre å skilje seg frå henne i det stille.*
Matt 1, 19

Då vakna alle Herrens englar. Det kan ikkje
skje! Josef kan ikkje forlate Maria! Han MÅ
verte far til dette barnet! Det MÅ fødst i
Davids hus!

*Ein engel frå Herren synte seg for han i ein
draum og sa: Josef, Davids Son! Ver ikkje
redd å ta Maria heim til deg som kona di.
Ho skal føda ein son, og du skal gje han
namnet Jesus.*
Matt 1, 20-21

Dei kan vere myndige - englane – når dei
gjer ærend for Herren. Josef fekk to op-
pdrag: 1. Hald deg til Maria. 2. Gje barnet
namn.

Alt skal vere ope, ingen ting skal vere
hemmeleg. Josef og Maria er eit par. Ingen
av dei skal kjenne skam. Hemn er ikkje
vegen. Og barnet skal fødst. Med Josef
som far. Å verte ein del av Davids hus og
ætt. Ein av oss.

Slik gjekk Josef inn i advent. Med skamma
teke bort, hemnen lagt til side. Saman med
Maria, ventande på eit barn.

Og Josef lytta til engelen i sin draum, og
gav barnet namnet Jesus. Namnebror med
Josva. Den første. Han som førte Guds folk
ut av slaveri, angst og død.

Når Jesus var eit lite barn og ikkje kunne
snakke, tala englane. Dei flaug opp og ned.
Viste seg i draumar. I fleirstemmeig lovsong
på Betlehemsmarka.

Når Jesus Kristus no er hos sin himmelske
Far, talar englane igjen. Josefs draum er
Guds draum: At alle menneske skal
oppdage at det vesle Barnet verkeleg er
Messias - den første, som Guds folk venta
på.

Englane har det travelt i advents- og
juletida. Med å bere Guds draum til oss.
Så lat oss stanse opp og lytte til vengeslaga
og englesongen.

Velsigna advent og jul!

I et skur ved Betlehem, gjemt i Josefs store
trøye lå Guds dyrebare ord som et nyfødt
barn i høyet. Og vi ser: Gud er god.

Norsk Salmebok 104





Austrheim-sokn

Døpte

15.november:

Brian Lohne Severin-Andreassen
Oliver Språkenhus Sætre
Tuva Wærøy



Gravlagde

6.november:

Solveig Mabel Strandheim
f. 1925



Takk

til Austrheim Diakoninemd
for en hyggelig og smakfull hilsen til min
84 årsdagtirsdag 10 november. Og en
ekstra takk til den alltidaktive og gode
Asbjørg Lohne som overbrakte den gode
"Hjerte esken"
Takk, takk Mvh. Jan Foss

Takk

til diakoninemda for
oppmerksomheten og fekk på 97 års
dagen min, og takk til Målfrid som
kom med den.
Helga Kårdal

Hjarteleg takk

til diakoninemda for
oppmerksomheita og fekk på 80 års
dagen min og takk til Tormod Mosland
og den gode praten vi hadde.
Helsing Ole Lyso

Hjarteleg takk

for blomar, helsingar og deltakelse ved vår
kjære onkel Ole Johan Hopland's bortgang.
Ein spesiell takk til heimesjukepleien, heime-
hjelpen, Peter Kubon og Sonja Håland for
omsorg og støtte.

Takk til Vatne Begravelsesbyrå, Jostein
Hauge og Lisbeth Mørken for nydeleg sang,
og takk prest Ole Marton Ølberg.

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MNTF

Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35

MINI FRISØRSALONG

Ønker velkommen
til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Åråshøgda 19.
Timebestilling: Man- Fre.
Telefon 56169200/ 95214616

Alla Kurinna




Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Vi kan hjelpe til
med rådgivning
og tilrettelegging
ved begravelser
og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Min Julesalme

Anne Hvidsten



Eg synest det er vanskeleg å berre velje ein julesalme, då er utruleg glad i mange av julesalmane våre. Men valet fell på «Mitt hjerte alltid vanker». Det er ein vemodig og vakker julesalme. Melodien har eit gammalt og sørgmodig folkemusikkpreg over seg. Teksten er meir positiv enn melodien dersom ein går i djupna på den. Den handlar om å kome heim, om å opne hjartet sitt og ta inn den gledelege julebodskapen. Særleg setninga i tredje verset synest eg er sterk: «For deg, for deg alene, jeg leve vil og dø». Dette er ord med stor kraft og dramatik, som likevel peiker mot noko positivt i aller siste verselinje: «at du ble født her inne, i hjertets dype grunn» - sjølv kjernen av julebodskapen.

SISSELS JUL OG JULEKONSERT

Då eg var lita, rundt seks år gamal, fekk eg høyre kassetten «Sissels Jul». Eg syntest

Sissel song heilt ufatteleg vakkert. På kassetten var det ein nydeleg versjon av «Mitt hjerte alltid vanker», og den høyrer eg framleis på. Salmen var også den første julesongen eg sjølv song på julekonsert i Austrheim kyrkje som ung jente. Den songen tar eg framleis alltid med på repertoaret dersom eg held julekonsertar.

HØGTID OG JULEGUDSTENESTE

Elles må eg ta med «Deilig er jorden». Eg går alltid i kyrkja på julaften, og når heile kyrkjelyden reiser seg og syng med på denne på slutten av julegudstenesta, blir eg alltid rørt og stolt og glad – då er det skikkeleg høgtid. Denne jula blir anleis, men julesalmar og julesongar er med å gje julestemning uansett kor vi er. Men eg håpar inderleg vi kan samlast til gudsteneste i kyrkja og syngje «Deilig er jorden» denne jula også.



ÅRÅS SANITETSFORENING



Den tradisjonelle julemiddagen for eldre over 80 år blir i år avlyst.

Vonar me kan kome igjen med julemiddag i november 2021.

God jul til dykk alle

Helsing Årås sanitetsforening

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

TREKNING AV HOVEDGEVINSTER AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS (EGEN BOK)

1.GEV: DUK M/ 8 GLASS-
ASJETT –FAT OG LAMPE: VINNER
LISBETH STORMARK

OVERSIKT OVER VINNERE I DE
ORDINERE BØKENE VIL BLI SENDT
EIERLAGENE

2.GEV: KRANSEKAKE:
VINNER
MAGNHILD LYSØ

OG HENGT OPP PÅ
MASTREVIK TORG.

VI TAKKER ALLE SOM HAR STØTTET VED Å KJØPE LODDOG NÆRINGSLIVET VED Å GI GEVINSTER.
BASARNEMNDEN



Mi barndoms kyrkje



Då eg var liten, var kyrkja staden for høgtid. Det var ikkje ein stad me gjekk ofte, men til jul, dåp og konfirmasjon. Kyrkjerommet var høgt og stort, og altaret var langt framme og spesielt opphøgd. Dit var det berre presten og nokre få andre som hadde lov å gå. Preikestolen svedde høgt over folket. I kyrkja var me stille, for den høgtidelege stemninga gjekk ikkje saman med masing og tulling. Liturgien var vanskeleg å vera med i, for i liturgiheftet skulle ein hoppa fram og tilbake, og det var vanskeleg å knekka hoppe-koden. Som regel forsvann eg ut av samanhengen like etter Kyrie ein gong. Songane og musikken var annleis i kyrkja. Det var jo orgel til alt, og songane virka gamle og høgtidelege og med vanskelege tekstar.

Men det var liksom slik det skulle vera.

Som ungdom vart eg med i Helgaljod. Me øvde kvar onsdag i kyrkja. Heilt framme i trappetrinna opp til altaret til og med. Slik vart eg meir vant med å vera i kyrkjerommet. Men opplevinga av å vera i eit annleis og heilagt rom slapp ikkje taket. Eg vart aldri så husvarm at eg kunne sitja med rumpa på altarringen, og ryggen mot Jesus som knelte i bøn i Getsemane, slik som enkelte andre gjorde. Rommet me var i tillet meg ikkje noko slikt, kjendest det som.

I ei tid der det er in med pilegrimsvandringar både til Nidarosdomen, Santiago de Compostela og andre stadar, kan det vera fint å gjenoppdaga kyrkja som vårt lokale heilage rom. Det er ikkje alltid naudsynt å reisa langt bort for å koma fram.

Frode Brügger Sætre

Årets julegave?

150 kr per bind
400 kr bind 1-3

Mastrevik bok og papir



Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrvarer - Bokhandel/Leikar
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Targehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



BIBLIOTEKET - OPNINGSTID



Juleferie på biblioteket!

Siste opningsdag
 tysdag 22. desember.
 Biblioteket opnar igjen
 5. januar i det nye året.

Ope for lån og innlevering:
 Tysdag og fredag kl 10-15
 Onsdag kl 14-19

Hovudbiblioteket:
 Epost: bibliotek@austrheim.kommune.no
 Tlf.nr 56162007

Fonnes filial:
 Følgjer skuleruta, og fungerer
 inntil vidare som
 skulebibliotek.
 Filialen er stengt for
 publikum pga smitteverntiltak
 og Covid-19.

God bok og god jul!

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgret.
 Legevakt **116117**

Austrheim legekontor
 Tlf. 56 16 82 00
 Opningstider for publikum:
Kl.08.30 - 15.00.
 Telefontid: **08.30 - 12.00** og
13.00 - 15.00.

**INGEN RESEPTBESTILLING
 MÅNDAGAR!**

Års helsestasjonen
 Åpningstider for publikum:
 kl **08.30- 15.00**
 Helsesøster tlf. 56 16 82 11
Jordmor:
 tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
 (ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



JAZZGUDSTENESTE

Dette var ein kveld som ein kan leve lenge på. Ei flott jazzgudsteneste der koret Felix deltok med band, Kjell Bergsvik på saksofon, forsongargruppa leda oss i songen og Jostein Hauge var med på song og orgel. Denne kvelden skulle me hatt tidlegare i vår. Den vart heldigvis berre utsatt og ikkje avlyst, for no fekk me eit lysglimt i mørketida. Det var Rune Minde sin gode ide å lage til ei slik jazzgudsteneste, og det var ein fryd å sjå vår prest med full innleving i songane, og som gjorde ein god jobb som solist. Felix hadde med seg pianist, bassist og trommis som spelte saman med Kjell Bergsvik. Han hadde tatt med seg saksofonen, og det gleda mange. Felix deltok med flotte songar, korsongar, og som avslutning hadde dei ein nydeleg jazzversjon av Da Jesus satte sjelen fri. Dei song og velsigninga til oss, og det var verkeleg ein kveld til velsigning. Det er godt med fellesopplevingar no som det er så få av dei. Eg vil avslutte med

eit bibelvers som passar godt i denne samanhengen: Kol 3,16.17

Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta! Og alt de gjer, i ord og gjerning, skal de gjera i Herren Jesu namn og ved han takka Gud, vår Far.



VEST VED VARDETANGEN IV

Neste år, 2021 kjem det ut ny bok i serien Vest ved Vardetangen. Når vi skriv ei fortelling er det mykje kjekkare å lese når det er fleire bilder med. Vi skriv om den tid det var fotballbane og 17. mai feiringar i Nordlia. Vi skriv også om Nordliheimen, tida før den vart bygd og korleis det var å arbeide der etter kvart. Er det nokon som har bilder frå denne tida? Det stod eit hus der Nordliheimen står no, nokon som har bilde av det? Når det var fotballkamper, korleis såg det ut då? Byggjetida, finns det bilder frå den tida? Kanskje nokon har bilder av korleis det såg ut inne på Nordliheimen, romma på eldreavdelingen, stova eller anna?

Den 14. august 2021 er det 50 år sidan bruene opna og Fosnøyna, Ulvøyna og Bakkøyna vart landfast. Vi ynskjer bilder og flimklypp frå opninga, men også historier kring opninga. Heilt sikker på at her er materialer som mange kan ha glede av å sjå og lese.

Alt er av interesse, nøl ikkje med å kontakte oss :-)

Aashild-Helene Hedstrøm tlf 93253736

Atle Lervåg tlf 99494965 Liv Ulvøy 90077875

SAGN FRÅ NORDHORDLAND

Austrheim kyst-og sogelag har fått spørsmål frå Kjersti Isdal om hjelp til å finne gamle sagn frå vårt distrikt.

Ho skriv:

"Eg er frå Isdal i Alver, er utdanna biletkunstnar og bokillustratør/designer og har tidlegare gitt ut boka "Segner frå Sogn" Eg jobber med å lage ei tilsvarande bok for Nordhordland, der alle kommunane er representerte. Prosjektet er støtta av Vestland Fylkeskommune. Til dagleg jobbar eg i Nordhordland Utviklingsselskap med satsinga Nordhordland UNESCO biosfæreområde Er særleg ute etter sagn knytt til hav/sjø, da dette er noko underrepresentert i det materialet eg har samla så langt".

Det aller beste er å sende sagnet direkte til Kjersti Isdal, men kan sjølv sagt også snakke med styrets leiar Einar Ellingsen på tlf 951 78 340 eller styremedlem Harald Sognnes på tlf 971 50 822. Kjersti Isdal sin e-postadr er: kisdal@hotmail.com

Kosmetisk dermatologisk sykepleier tilbyr ulike behandlinger mot aldring, rynker, kviser og pigmentflekker. Her kan du få kjøpt hudpleieprodukt frå to av verdas fremste hudpleieleverandører Environ og Dr Schammek



OPTIMAL HUDHELSE

Vi har spesialkompetanse på hud og hudproblematikk, ta kontakt for råd og veiledning om din hud
Vi hjelper deg også med gaver og gavekort

Du finn oss i Lerøyvegen 174

Telefon: 92453625

Åpningstider tirsdag og torsdag 10-18,
ellers etter avtale

Juletresalg Litlelindås

*RISTNA BRUK ØNSKER GAMLE OG NYE KUNDER VELKOMMEN
TIL JULETRESKOGEN VÅR PÅ LITTLELINDÅS 101.*

Her kan vi tilbyr deg økologisk dyrka juletre rett fra Skogen, eller du kan finne deg et som står utstilt ved løa vår.

Vi er selvfølgelig behjelpelig med både saging og pakking av ditt juletre. om du bor i Austrheim området kan vi også levere hjem til deg om du ønsker det.

Det vil også være salg av kranser, kristtorn buketter, gravpynt, juledekor og diverse strikkeprodukter samt Ramsløk pure`, krydder og saltFor å komme i ekstra god julestemning så fyrer vi i bålpannaTa med heile familien til en koselig tur i juletresko- gen, her vi har store områder med juletrær så det ingen problemer med å opprettholde Korona avstand

Åpningstider:

Søndag 29/11 fra kl 11 - 17

05/06 des fra 11 - 17

12/13 des fra 11 - 17

19/20 des fra 11 - 17

Om du vil komme og merke deg et tre eller finne deg et tre som er utenom disse tidene så er det bare å ta kontakt på mob 905 63 722/917 57 109 eller vår FB-siden til Ristna Bruk.

Vi vil også ha utsalg v/REMA Mongstad man-fre uke 50 og 51. fra 12.00-17.00 Du kan og betale med Vipps eller kontant.



ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 22. nov kl 11:00 Formiddagsmøte, Odd Sverre Hove talar.
Søndag 6. des. kl 11:00 Adventsmøte, Asle Hetlebakke talar.
Søndag 17. jan. kl 11:00 Formiddagsmøte
Søndag 7. februar kl 11:00. Formiddagsmøte

NB Bedehusdagen vert ikkje arrangert i år. Du kan likevel støtte drifta av Årås Bedehus via VIPPS 518275 og til kontonr 3490.30.07488. Du er med i trekninga av eit gåveort på kr 1000. Takk for di gåve. Trekning 1. desember.

Følg med på facebook og websida for evt endringar i møteform som følge av smitte-situasjonen.

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



2020 Juletræsalg

LIKE VED MASTREVIK TORG

**MANDAG 14. DESEMBER
TIL OG MED 22. DESEMBER
FRA KL 10.00 – KL 17.00.**

Har også stort utvalg i
mosekransar,
barkranser, hjerter og puter.

Har også julenek.
Pris fra kr 50,-

Treng du kransar
eller juletre
tidlegare ring
Tlf 957 47 903.
Tormund Nesse.

Vi kan levere
kranser
mot bestilling før
14. desember





Gruer seg til iskald vinter

For å halda på varmen, bur småbarnsfamilien i eit lite rom i teltet. Det var ikkje framtida dei såg for seg då dei flykta frå Syria for åtte år sidan.

Av: Anette Torjusen
Foto: João Sousa

Weedad Ahmad Al-Khalaf sit utanfor teltet til familien i den vesle landsbyen Mekseh i Bekaadalen i Libanon. Rett bak ragar fjella til heimlandet Syria, ei dagleg påminning om livet som var. Landet ho måtte flykta frå for åtte år sidan.

- Livet er veldig vanskeleg for oss og vi bekyrrar oss mykje for barna våre, seier ho stille. Tre fødselar i flyktningleiren
Før dei flykta til værutsatte Bekaa, med

iskalde vintrar med mykje snø, budde ho i Um El Jurayn ikkje langt frå Aleppo i Syria. Krigen gjorde det farleg å bu der, så farleg at ho til slutt måtte flykta saman med ektemannen Mohammed Hassan Ibrahim og svigermoren Serie i 2012. No deler dei skjebne med 70.000 andre syriske flyktningar i dalen. Familien på tre har vorte til seks. Tre barn er fødde i flyktningleiren. Eldstemann Yousef vart fødd for fem år sidan, deretter kom lillebror Aus, som er tre år, og til slutt veslejenten Talia på eitt år. Alle barna våre har vakse opp her, fortel Mohammed. Noko som fyller både han og Weedad med stor sorg.

- Dagane deira går med til leik, fotball og spel. Bortsett frå det så er det ikkje så mykje for dei å gjera her. Ikkje har dei skule her heller, eg er redd barna våre må veksa opp som analfabetar.

Vinteren er lang og kald i dalen.

- Kulda og store snømassar skaper problem for oss. Vi har ikkje råd til å dekkja til teltet med isolerande vern, for det er så dyrt. Derfor blir det veldig kaldt for oss, fortel Mohammed.

For å halda seg varme, bur dei på eitt rom.

- Der varmar vi opp, men i år er brensel ei mangelvare her i dalen. Prisane på brensel aukar, så det er vanskeleg å fyra, forklarar han. Frå Kirkens Nødhjelp har dei fått tilgang til reint vatn og hygienepakkar.

- Vi har runne vatn her i teltet i tillegg til at vi får hygienepakkar. Vi har òg fått mykje informasjon om korleis vi kan ta vare på oss sjølv for å unngå sjukdom, seier Weedad.

Dei hadde fått både vatn og hygieneartiklar før covid-19, noko ho er veldig glad for.

- Det har vore så viktig for oss at vi har hatt tilgang til vatn og såpe. Det bruker vi jo heile tida, seier ho.

Behova er store for reint vatn og hygieneartiklar, samtidig som mange treng varme teppe som Kirkens Nødhjelp deler ut i Libanon.

Du kan vera med å hjelpa familiar i nød og gi dei tryggleik til jul. I Libanon kjempar folk mot covid-19 i tillegg til svolt, kulde og fattigdom. Eksplosjonen i Beirut har gjort fleire tusen heimlause og øydelagt mange liv. Saman kan vi gjera ein forskjell. Vi sørger for reint vatn og hygienepakkar til menneske på flukt, og hjelper dei som er ramma av eksplosjonen med varm mat og husly. Samtidig jobbar vi på spreng for å forhindra sprenging av covid-19.

- **Slik gir du årets viktigaste julegåve:**
- **Vipps eit valfritt utgjorde til 2426.**
- **Send GAVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.**
- **Gåvekonto: 1594.22.87248**

Kirkens Nødhjelp er norske forsamlingars eigen humanitære organisasjon, og har jobba i@ Libanon sidan 2013. Der jobbar vi med vatn,



Bildetekst: Mamma Weedad Ahmad Al-Khalaf er bekymra for framtida til dottera Talia på eitt år. Det er ikkje noko for dei å gjera i flyktningleiren i Bekaadalen, og dei har heile livet på vent

sanitær, hygiene og kjønnsbasert vald. På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ein massetilstrømming av flyktningar. Storleiken på flyktningpopulasjonen har ført til ein auke av befolkninga i landet på 25 prosent og eit enormt press på infrastruktur som vatn, fast avfall og elektrisitet og dessutan tilgjengelege offentlege tenester, særleg i helse- og utdanningssektorane. Ifølgje Lebanon Crisis Response Plan (LCRP) 2019 manglar 3 208 800 tilgang på trygt vatn. Dette kan føra til alvorlege helseisiskoar og eksponering for sjukdom, særleg under overbefolkede leveforhold som enkle teltbusetjingar og husrom av dårleg kvalitet.